

# MØTEBOK

<b>Organ</b>	Vestlandsrådet
<b>Møtestad</b>	Quality Hotel Grand, Kristiansund
<b>Møtedato</b>	17.09.2009
<b>Kl.</b>	0930 - 1230

**Faste medlemer til stades:**

Tom Tvedt  
Janne Johnsen  
Tom-Christer Nilsen  
Terje Søviknes  
Mette Holmefjord Olsen  
Nils R. Sandal  
Tor Bremer (fikk permisjon og deltok ikkje ved handsaming av sakene)  
Mathias Råheim  
Heidi Katrhrin Osland  
Olav Brattland  
Jon Åsen  
Gunn Berit Gjerde

**Forfall til møtet:**

Ellen Solheim  
Olav Ingvaldstad  
Jarle Braut  
Torill Selsvold Nyborg  
Gisle Handeland  
Elin Merete Førde  
Rigmor Andersen Eide  
Oskar Jarle Grimstad

**Varamedlemer til stades:**

Solveig Ege Tengesdal  
Anita Egeli  
Jorill Christensen  
Jostein Kvalsvik  
Svein A. Roseth

**Det møtte ikkje vararepresentantar for:**

Jarle Braut  
Torill Selsvold Nyborg  
Oskar Jarle Grimstad

**Til stades med tale-/framleggsrett:**

Fylkesrådmann Jan Øhlckers, Sogn og Fjordane  
Fylkesdirektør Terje Fatland ,Rogaland  
Stabsleiar Matti Torgersen. Hordaland

**Sekretariat for møtet:**

Else Moen

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet tek stilling til om kva saker som skal vere opne/lukka.

Møtebok frå 27.05.09 vart godkjend utan merknader.

**OPEN TIME:**

**Representanten Tom Tvedt** tok opp spørsmålet om Vestlandet (dvs. Vestlandsrådet) skal gå saman og lage ein felles presentasjon på Expo 2010 i Shanghai.

**Avnøysting:**

Rogaland fylkeskommune får i oppdrag å arbeida vidare med saka. Dei melder tilbake til Vestlandsrådet.

-----

**Representant Tom-Christer Nilsen sette fram slikt framlegg som uttale frå Vestlandsrådet:**

**Vestlandsrådet støttar framskunding av Nordsjøplan**

Miljøminister Erik Solheim varsla i valkampen ei framskunding av ny forvaltingsplan for Nordsjøen og Skagerak. Denne skal no etter planen kome i 2013, to år tidlegare enn først planlagt.

Havstrategidirektivet legg opp til at det innan 2015 skal lagast heilsakaplege regionale planar med tiltaksprogram for havområda under EU sin jurisdiksjon, med sikte på å oppnå "god miljøtilstand" innan 2020. Forvaltingsplan for Nordsjøen og Skagerak skal blant anna omhandla dei omstridte kystnære områda av Nordsjøen.

Vestlandsrådet støttar opp om dette. Ei berekraftig forvalting av desse områda er ikkje berre viktig regionalt, men har global betydning og er enormt viktig for heile vårt livsgrunnlag.

Vestlandsrådet forventar at regjeringa tek tak i desse problema i denne Stortingsperioden.

Vestlandsrådet vedtok samråystess å sende ein uttale frå Vestlandsrådet som støttar framskunding av Nordsjøplan.

**Avnøysting:**

**Framlegget frå representanten Tom-Christer Nilsen vart samråystes vedteke.**

-----

**Representanten Terje Søviknes sette fram slikt framlegg til uttale frå Vestlandsrådet:**

**Fiskerihamn på Rabben – Salthella i Austervoll (Hordaland)**

Vestlandsrådet ser det som særskilt viktig at fiskerihamnprosjektet på Rabben – Salthella i Austevoll (Hordaland), som er omtalt i NTP for 2014 – 2019, snarleg vert realisert.

Denne regionen har ein av dei viktigaste fiskerimiljøa i landet, og regionen sin havgåande flåte treng ny og større ligge- og servicehamn. Prosjektet er viktig for denne flåten, men har òg stor regional verdi for fiskeri- og sjøfartsnæringa langs vestlandskysten.

Vestlandsrådet ber Kystverket syta for løyvingar til fiskeriinfrastrukturtiltak på Vestlandet i fyrste del av planperioden (2010-2013), og går inn for at fiskerihamnprosjektet på Rabben – Salthella i Austevoll vert prioritert i første del av planperioden (2010 – 2013) i Kystverkets handlingsprogram for NTP 2010 – 2019”.

**Avnøysting:**

**Vestlandsrådet vedtok at AU får fullmakt til å utarbeide ein uttale frå Vestlandsrådet. .**

-----

**Vestlandsrådet vedtok at det skal vera eit ekstraordinært møte i Vestlandsrådet i oktober /november 2009.**

**Møte skal vera i Hordaland – Flesland.**

**SAK 9/09****Framlegg til samarbeidsavtale og reviderte vedtekter for Vestlandsråde****Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Vestlandsrådet går inn for vedlagde samarbeidsavtale og sender denne til uttale i medlemsfylka. Rådet ber samstundes om fullmakt til sjølv å endeleg godkjenne avtalen.
2. Vestlandsrådet går inn for vedlagde reviderte vedtekter og sender desse til godkjenning i medlemsfylka.
3. Det blir oppretta ei fast stilling som sekretariatsleiar for Vestlandsrådet under føresetnad av at kvart medlemsfylke godkjenner ein auke i medlemskontingenoten på kr. 250 000 for kvar fylkeskommune.

Med etterhald om godkjenning får fylkesrådmannen tildelt mynde til

- å utarbeide stillingsbeskrivelse for stillinga,
- utlysing og
- tilsetting.

**Endringsframlegg:****Representanten Jostein Kvalsvik sette fram slikt framlegg til vedtak som nytt punkt 3 i staden for punkt 3 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:**

”3. Det vert ikkje oppretta fast sekretariatsleiar for Vestlandsrådet.”

**Representanten Tom-Christer Nilsen sette fram slikt framlegg til vedtak som nytt punkt 3 i staden for punkt 3 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:**

”3. Det blir oppretta ei fast ½ stilling som sekretariatsleiar for Vestlandsrådet under føresetnad av at kvart medlemsfylke godkjenner ein auke i medlemskontingenoten på kr. 250 000 for kvar fylkeskommune.

Med etterhald om godkjenning får fylkesrådmannen tildelt mynde til

- å utarbeide stillingsbeskrivelse for stillinga,
- utlysing og
- tilsetting.”

**Avnøysting:**

Punkta 1 og 2 i tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedtekne.

Framlegget frå representanten Tom-Christer Nilsen til punkt 3 fekk 1 røyst.

15 røysta mot.

Framlegget frå representanten Jostein Kvalsvik til nytt punkt 3 fekk 3 røyster .

13 røysta mot.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen til punkt 3 fekk 13 røyster.

3 røysta mot.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Vestlandsrådet går inn for vedlagde samarbeidsavtale og sender denne til uttale i medlemsfylka. Rådet ber samstundes om fullmakt til sjølv å endeleg godkjenne avtalen.
2. Vestlandsrådet går inn for vedlagde reviderte vedtekter og sender desse til godkjenning i medlemsfylka.
3. Det blir oppretta ei fast stilling som sekretariatsleiar for Vestlandsrådet under føresetnad av at kvart medlemsfylke godkjenner ein auke i medlemskontingenoten på kr. 250 000 for kvar fylkeskommune.

Med etterhald om godkjenning får fylkesrådmannen tildelt mynde til

- å utarbeide stillingsbeskrivelse for stillinga,
- utlysing og
- tilsetting.

**SAK 10/09**

**Medfinansiering NORA**

**VEDTAK:**

1. Vestlandsrådet ser NORA-samarbeidet som strategisk interessant og vil medvirke til finansiering av samarbeidet. Åleg løyving blir å ta stilling til i den årlege budsjettetthandsaminga.
2. For 2009 løyver Vestlandsrådet kr. 100.000 til NORA..

**SAK 11/09**

**EU sin integrerte maritime politikk og Vestlandet - oppfølging fra sak i Vestlandsrådet i desember 2008**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Vestlandsrådet vil ta initiativ til å etablere eit maritimt nettverk på Vestlandet. Målet med eit slikt nettverk vil vere å legge grunnlaget for å etablere ein meir strategisk maritim region på Vestlandet – Western Norway Maritime Region. Nettverket skal ha som mål auka vekt på felles politikkskaping, meir heilskapleg og effektiv bruk av felles ressursar og auka fokus på marknadsføring av Vestlandet som nasjonal og internasjonal maritim klynge.
2. Vestlandsrådet tar sikte på å arrangere ein konferanse der det vert etablert eit slikt nettverk.

3. EU sin maritime strategi inneberer vidare at Vestlands sitt engasjement i dei regionale arenaer som dei fire fylkeskommunane er medlem av - Nordsjøkommisjonen og CPMR - må styrkast. Vestlandsrådet vil i tillegg vere langt meir aktive innanfor nasjonale formelle og uformelle relevante arenaer.
4. Vestlandet sluttar seg elles til vurderingane og handlingspunktene i vedlagte rapport og til framlegg til følgje inkludert mandat i vedlagte notat.

### **Endringsframlegg:**

**Representanten Tom Christer Nilsen sette fram slikt framlegg som nye punkt 4 og 5. Punkt 4 i tilrådinga frå fylkesrådmannen blir til nytt punkt 6.**

- ”4. Vestlandsrådet anbefaler at eit av fylka blir leiarskap i eit prosjekt for ”clean Shipping”
5. Det vert oppnemnt ein politisk styringsgruppe med følgjande medlemmer:

#### **Medlemmer:**

Hordaland:	Tom Christer Nilsen
Rogaland:	Janne Johnsen
Sogn og Fjordane:	Mathias Råheim
Møre og Romsdal:	Jon Åsen

#### **Varamedlemmer:**

Hordaland:	Gisle Handeland
Rogaland:	Ola Ingvaldstad
Sogn og Fjordane:	Heidi-Kathrin Osland
Møre og Romsdal:	Svein Atle Roseth

Styringsgruppa leverer eit detaljert mandat til neste møte.

### **Avnøysting:**

Tilrådinga frå fylkesrådmannen og framlegget frå representanten Tom-Christer Nilsen vart samrøystes vedtekne.

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Vestlandsrådet vil ta initiativ til å etablere eit maritimt nettverk på Vestlandet. Målet med eit slikt nettverk vil vere å legge grunnlaget for å etablere ein meir strategisk maritim region på Vestlandet – Western Norway Maritime Region. Nettverket skal ha som mål auka vekt på felles politikkskaping, meir heilskapleg og effektiv bruk av felles ressursar og auka fokus på marknadsføring av Vestlandet som nasjonal og internasjonal maritim klynge.
2. Vestlandsrådet tar sikte på å arrangere ein konferanse der det vert etablert eit slikt nettverk.
3. EU sin maritime strategi inneberer vidare at Vestlands sitt engasjement i dei regionale arenaer som dei fire fylkeskommunane er medlem av - Nordsjøkommisjonen og CPMR - må

styrkast. Vestlandsrådet vil i tillegg vere langt meir aktive innanfor nasjonale formelle og uformelle relevante arenaer.

4. Vestlandsrådet anbefaler at eit av fylka blir leiarskap i eit prosjekt for "clean Shipping"
5. Det vert oppnemnt ein politisk styringsgruppe med følgjande medlemmer:

**Medlemmer:**

Hordaland:	Tom Christer Nilsen
Rogaland:	Janne Johnsen
Sogn og Fjordane:	Mathias Råheim
Møre og Romsdal:	Jon Åsen

**Varamedlemmer:**

Hordaland:	Gisle Handeland
Rogaland:	Ola Ingvaldstad
Sogn og Fjordane:	Heidi-Kathrin Osland
Møre og Romsdal:	Svein Atle Roseth

Styringsgruppa leverer eit detaljert mandat til neste møte.

6. Vestlandet sluttar seg elles til vurderingane og handlingspunktene i vedlagte rapport og til framlegg til følgjing inkludert mandat i vedlagte notat.

## SAK 12/09

### Oppfølging av melding om kystskogbruket

**VEDTAK:**

1. Vestlandsrådet sluttar seg til "Felles fylkeskommunalt oppfølgingsprogram" som er ei oppfølging av Melding om kystskogbruket gjennom sin representasjon i styringsgruppa for programmet.
2. Rådet vil utover dette engasjere seg i aktuelle problemstillingar som naturleg ligg til landsdelssamanslutningane.
3. Vurdering og oppfølging av meldinga vil i første rekke vere eit ansvar for næringa, fylkesmennene og fylkeskommunane.
4. Vestlandsrådet føreset at fylkeskommunane sjølv tek stilling til finansieringa av si deltaking i oppfølgingsprogrammet.

## SAK 13/09

### Skriv og meldingar

1. Kopi av brev fra Landsdelsutvalet til Kommunal- og regionaldepartementet datert 01.07.09 vedk.: ”Finansiering av prosjekter i Interreg B og C-programmene.”
2. Kopi av brev fra ØstlandsSamarbeidet til Kommunal og regionaldepartementet datert 03.08.09 vedk.: ”Noregs deltakelse i EUs territorielle program – Interreg.”
3. Brev fra Statsministeren sitt kontor datert 11.05.09 vedk.: ”Sellafield.”
4. Notat datert 07.09.00 vedk.: ”Ekspressbuss Vestlandet – status og vidare framdrift.

**NOTAT TIL DRØFTING:**

1. Notat datert 02.09.09 vedk.: ”Utkastet til revidert vassforskrift – merknader i forhold til forvaltningsreforma.”